## Annonseplass på uskedalen.no.

18.03.2016




**I det siste har eg fått fleire spørsmål frå næringsdrivande om korleis ein kan få kjøpt plass i lista under sponsorar i høgre kolonne her på nettsida. Derfor er det på sin plass med ei kort orientering. Ein logo i denne kolonna kan verka som ein snarveg inn til eiga heimeside eller facebook-side, og er derfor ei god form for marknadsføring**

Det er næringsdrivande og firma som har ei tilknyting til Uskedalen som får tilbod om å kjøpa plass i denne kolonna. Der viser logo, men knappen kan også verka som snarveg til eigne marknadsføringssider. Mange har nytta seg av dette tilbodet, og om lesarane klikkar på desse logoane, vert dei ført rett inn på dei næringsdrivande sine sider. Tenesta kostar for tida 3300,-kr pr. år. Plassering vert rullert med jamne mellomrom så dermed skiftar det på kor ein står i lista.

Dei som har spørsmål til tenesta, eller ønskjer plass, kan kontakta Hans Ordin Østebø på epost uskedal.utvikling@knett.no eller på mobil 907 56 032.

Tekst, skjermbilde og nett: Thor Inge Døssland